



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 11.02.2020
Vår ref: 14/01643-31
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Sløvåg industriområde i Gulen kommune. Tiltakshavar: DC Halsvik Aggregates AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 12. november 2014 fra DC Halsvik Aggregates AS (org. nr. 977 213 630).

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 12. november 2014 fra DC Halsvik Aggregates AS (org. nr. 977 213 630). DC Halsvik Aggregates AS (org. nr. 977 213 630), heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Sløvåg industriområde på del av eide domen gbnr. 62/58 og 62/61 i Gulen kommune. Mineralførekomenstn hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 570 daa og går fram av kart «Sløvåg industriområde – konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Utviking av steinbrot, Sløvågen», planID 1999009, vedtatt 11. november 1999 er området regulert til steinbrot og massetak.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovsgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik fra driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

Merknadar til driftsplanen som ligg ved skal rettast seinast ved neste ajourføring/revisjon av driftsplanen.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 4 500 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 1 125 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoén på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Sløvåg med mindre merknadar. Sjå DMF si vurdering punkt 5.4. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos Gulen kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Statens vegvesen, NVE, BKK Nett AS og aktuelle naboor.

Høringsperioden var frå 14. november 2019 til 12. desember 2019. DMF har mottatt høyringsfråsegn frå Gulen kommune, Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane fylkeskommune, NVE og Statens vegvesen.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Gulen kommune

Som Halsvik Aggregates påpeikar i søknaden sin, er det føretatt fleire konsekvensutgreiingar i samband med reguleringsplanen for utviding av steinbrotet, godkjent i 1999. Mellom anna vart det utarbeidd delrapportar for konsekvensar av steinbrotet på botaniske forhold, landskap og friluftsliv, støy og forhistoriske kulturminner.



Området som søknaden om driftskonsesjon gjeld, samt området rundt, er i stor grad regulert til industri og næring. Det er difor eit område som i liten grad vert nytta til friluftsliv. Kommunen ser heller ikkje at søknad om driftskonsesjon på det omsøkte området skal påverke naturmangfald eller kulturminne på nokon måte utover det som har vorte vurdert i tidlegare analysar.

Gulen kommune ynskjer derimot å løfte fram forureining i form av støv som ei utfordring. Kommunen har i løpet av det siste året motteke bekymringsmeldingar som gjeld auka mengder støv frå Sløvåg industriområde. Klagene har hovudsakleg vore frå området rundt Halsvik og Brandanger, der det er meldt om at det legg seg lag med støv på uteområder, hus og tak i periodar med opphaldsvær. Det er også kome meldingar om at det legg seg sot på taka heilt inn i Nordgulen, ca 18 km luftlinje nord-aust for Sløvåg. Dette er nok ikkje sot frå gjeldande anlegg, men seier noko om luftureininga generelt i området.

I KUen vert støv omtala som eit lite problem utover grensene for sjølve bruddet og i lager- og prosessområdet. Avbøtande tiltak er i følgje konsekvensutgreiinga å fukte området med vatn. Som det går fram av søknadens punkt 5.2. vil plassering av installasjonar inne i dagbruddet redusere støvflukt, og at utover dette vil nødvendig støvdemping, i den grad det er nødvendig, bli utført med stasjonære og mobile innretningar for å spreie vatn.

Gulen kommune har hatt møte med DC Halsvik Aggregates der mellom anna støvproblematikken vart diskutert. DC Halsvik Aggregates presenterte fleire avbøtande tiltak og informerte om at både støv- og støyutfordringar vil verte reduserte ved at ein etter kvart vil få produksjonsanlegget inn i steinbrotet. Det er god dialog mellom kommunen og føretaket, og Gulen kommune føreset at måling og avbøtande tiltak vert utført på slik måte at ein hindrar støvflukt ut over grensene.

DMF sine kommentarar

DMF viser til at uttaket har et utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Vestland, som blant anna set krav til utslepp av støv. DMF føreset at tiltakshavar retter seg etter de krav som ligg føre i utsleppsløyvet. Dersom så ikkje ser, må kommunen ta dette opp med Fylkesmannen som er ansvarleg myndighet i forhold til forureiningsregelverket.

Fylkesmannen i Vestland

Verksemda har utsleppsløyve frå Fylkesmannen. Løyvet set krav til støy, støv, og utslepp til vatn. Verksemda må ha skriftlege driftsrutinar og tilfredsstillande overvaking av utslepp.

Det er registrert ein førekommst av kystmyri nærleiken av det eksisterande steinbrotet. Myra er registrert i Naturbasen som naturtypelokalitet med verdi A (stor regional til nasjonal verdi). Inngrep som vi ikkje har vore kjent med har minka verdien betydeleg i seinare år, men restarealet bør likevel bli tatt vare på så langt som mogleg. Utviding av steinbrotet skjer i det registrerte myrområdet, der godkjent plan opnar for at delar av myrområdet vert nytta til steinbrot og masseuttak. Den nordlege delen av myrområdet vil vere intakt, sidan myra er delt av ein bergrygg.

Vi ser av nye flyfoto på Norge i Bilder (vedlagt) at det er gjort inngrep vidare nordover, utover området som er sett av til steinbrot og masseuttak, ved at det er fylt ut noko som kan sjå ut som ein anleggsveg. Det bør setjast krav om at den delen av



naturtypelokaliteten som ligg utanfor planområdet, blir restaurert ved at vegfyllingar nord for tiltaksgrensa vert fjerna. Verksemda må ikkje føre til endringar i grunnvatnsstanden i den nordlege delen av myrområdet.

DMF sine kommentarar

Tiltakshavar må rette seg etter de krav som stilles i utslippsløyvet. Når det gjelder aktiviteten nord for det angitte uttaksområdet, er DMF einig i at dette ikkje er heldig. Dette er noko som må følgjast opp av Gulen kommune som ansvarlig myndighet etter plan- og bygningsloven.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkeskommunen gjev uttale som regional kulturminnemynde. Fylkeskommunen gjer merksam på at vest og nordvest for konsesjonsområdet er det registrert seks automatisk freda kulturminneområde. Dei inneheld leirstader og aktivitetsstader frå steinalderen. Dei automatisk freda kulturminneområda er freda i medhald av lov om kulturminne § 4. Kulturminna er utan fysisk markering på markoverflata.

Det er svært kort avstand mellom dei automatisk freda kulturminna og dagens grense for veg og andre typar terregninggrep utanfor sjølvste Steinbrotet. Det framgår av flyfoto som er vedlagt. Viss det ikkje ergjeve løyve til det, jf. § 3, er det forbod mot ulike typar inngrep i desse kulturminneområda, utilbørlig skjem me dei eller framkalle fare for at det kan skje. Det må gjerast tiltak for å sikre at det ikkje skjer brot på lov om kulturminne § 3.

Det er fleire måtar som kan nyttast for å sikre kulturminneområda;

- Kulturminneområda, deira juridiske status, forbod mot tiltak mm. blir presisert i dei nye konsesjonsvilkåra.
- Reguleringsplanen blir revidert og utvida mot vest og kulturminneområda blir regulert inn i større omsynssoner
- Kulturminneområda blir dokumentert gjennom utgraving.

Dei to første vala inneber at kulturminneområda blir liggande, dei blir meir «synlege» og sikra juridisk i fleire tilgjengelege dokument, både overfor tiltakshavar, ålmenta og kommunen.

Det tredje valet, utgraving, inneber at etter undersøking og dokumentasjon gjennom utgraving, blir det juridiske vernet av kulturminneområda oppheva. Tiltakshavar/grunneigar disponerer dermed etterpå fritt dei tidlegare automatisk freda kulturminneområda.

Den korte avstanden i forhold til massive tiltak relatert til Steinbrotet og dermed også fare for at det skjers skade, utilsikta, på kulturminneområda, er overhengande og vil vere særskilt uheldig for alle.

Regional kulturminnemynde vil ut frå dette tilrå det siste valet.

DMF sine kommentarar

DMF vil først påpeke at tiltakshavar må etterleve krava i lov om kulturminne. Det er ikkje naturlig å regulere forholdet til kulturminna i form av vilkår i et vedtak om tildeling av driftskonsesjon. DMF vil derfor oppfordre tiltakshavart til å ta kontakt med



kulturminnemynden for å kunne avklare korleis omsynet til kulturminna kan ivaretakas best mogleg.

NVE

De ber NVE særleg vurdere tilhøvet til grunnvatnet.

NVE må vurdere tiltaket etter vassressurslova. Dersom tiltaket kan få konsekvensar for grunnvatnet og for ålmenne interesser i vassdrag så kan det vere konsesjonspliktig, jf. vassressurslova § 8. Det ligg ingen opplysningar ved søknaden som gir grunnlag for NVE til å vurdere dette. NVE er heller ikkje kjent med kva vurderingar som vart gjort i samband med utarbeidning av reguleringsplanen i 1999.

Tiltakshavar bør dette seg inn i rettleiingsmaterialet om vassressurslova og om NVE si handsaming av vassdrags- og grunnvasstiltak på NVE sine nettsider. Dei må vidare nytte fagkyndige til å gjøre nærmere greie for grunnvassførekomstene i området, og korleis tiltaket kan påverke desse førekomstene og ålmenne interesser i vassdrag.

DMF sine kommentarar

DMF vil oppmøde tiltakshavar til å sette seg inn i rettleiingsmaterialet som NVE viser til og å gjennomføre de nødvendige vurderingar.

Statens vegvesen

I driftsplanen er det vist til at det vil bli etablert ein avkørsle og ein parkeringsplass for innsyn til området. Statens vegvesen kan ikkje sjå at avkørsle og parkeringsplass inngår i reguleringsplanen. Det er heller ikkje nemnd kor avkørsle/parkering skal vere. Dette må avklarast med vegeigar og kommunen og behandlast etter plan- og bygningslova.

Uttaksområdet i driftsplanen ser ut til å vere i tråd med reguleringsplanens uttaksområde. Det er ikkje lagt opp til uttak innanfor buffersona i reguleringsplanen. Statens vegvesen legg til grunn at området langs fylkesvegen vert tilstrekkeleg sikra i tråd med driftsplan og reguleringsplan, og at det ikkje vert gjort inngrep innanfor vegens sikkerheitssone.

Konklusjon

Statens vegvesen har ingen merknader til at det tildelast driftskonsesjon. Dersom tiltakshavar ønsker å opparbeide avkørsle og parkeringsplass for innsyn i området, må dette gjerast etter avklaring med vegeigar og kommunen. Statens vegvesen anbefaler at punktet takast ut av driftsplanen og at det søker om endring av aktuell reguleringsplan.

DMF sine kommentarar

DMF føreset at tiltakshavar tar den nødvendige kontakt med vegeigar og kommunen for å eventuelt kunne etablere den skisserte avkørsle og parkeringsplass. Dersom det ikkje er aktuelt med etablering av avkørsle og parkeringsplass vil DMF be om at dette tas ut frå driftsplanen ved neste rulling.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.



Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekommsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for ein del av konsesjonsområdet.

For den resterande delen av konsesjonsområdet er tiltakshavar ikkje grunneigar. Det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekommsten.

Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt frem ein avtale med grunneigarane for gbnr. 62/61 som dokumentasjon på utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekommsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekommsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 570 daa og går fram av kart «Sløvåg industrområde – konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Utviking av steinbrot, Sløvågen», planID 1999009, vedtatt 11. november 1999 er området regulert til steinbrot og massetak.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedifta som økonomisk skikka.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.



I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på 570 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 55 000 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 750 000 faste m³. Det er planlagt drift i 3 fasar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand forløpende. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Plan for avslutting skal reviderast og godkjennast av DMF 4 år etter opning av fase 2.

Med einskilde merknadar tilfredsstiller framlegget til driftsplan dei krava som DMF stiller. DMF sin merknad gjeld: Tiltakshavar skal levere reviderte vertikale profilar for uttaksetappe 1 (Tegn T1007_a og Tegn T1007_b).

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Sløvåg godkjennast på det vilkåret at merknaden/marknadane blir retta seinast ved neste ajourføring/revisjon av driftsplanen.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Knut Petter Netland som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskriftena.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 8. januar 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Det er registrert ein førekomst av kystmyr i nærleiken av det eksisterande steinbrotet. Myra er registrert i Naturbasen som naturtypelokalitet med verdi A (stor regional til nasjonal verdi). Ifølge fylkesmannen har det skjedd inngrep som fylkesmannen ikkje har kjent til som har gjort at verdien har minka betydeleg i seinare år. Fylkesmannen uttaler at restarealet bør tas vare på så langt som mogleg. Utvidinga av steinbrotet skjer i det registrerte myrområdet, der godkjent plan opnar for at delar av myrområdet vert nytta til steinbrot og masseuttak. Den nordlege delen av myrområdet vil vere intakt, sidan myra er delt av ein bergrygg. DMF støtter seg til de vurderingar som fylkesmannen viser til i sin høringsuttalelse.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

DMF viser til at det her er tale om et allereie eksisterande uttak som har vært i drift i lengre tid. Det må derfor gjerast en vurdering av konsekvensen av vidare drift. Ifølgje kommunens høringsuttale vil det bli sett i verk tiltak for å redusere påverknaden frå støy frå uttaket. Etter DMF sin vurdering vil en vidare drift av uttaket ikkje medføre noen økt belastning på nærliggande områder.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.



Før det skjer eitt fysisk uttak, skal Tiltakshavar sikre ferdsel i området med informasjonsplakatar, skilt, bom og sperreband. Deretter skal det etablerast permanent gjerde. Gjerdet utvidast etter kvart som dagbrotsdrifta går frem. Det skal også etablerast vollar med høg vegetasjon for skjerming mot støv, støy og innsyn. Under drift skal brotvegger reinskas fortløpande. Endelig vegg i kvar etappe skal sikrast ved bruk av kontursprenging og boltar ved behov. Det er etablert ein plan for handtering av vatn i dagbrotet.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjerastoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Førekomsten består av granodiorittisk gneis. Massane brukast til produksjon av pukk til asfalt, betong, generelle byggevarer og behov for offshoremarknaden.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dagbrotet er planlagt ned til kote – 113. Nivået over grunnvatnet skal bli satt i stand i fase 1. Det skal vere sikringsgjerde og vollar rundt uttaksområdet. Sikringshyllar skal reinskast og påførast jord.

Etter drift under nivået til grunnvatnet ønskjer Tiltakshavar å avslutte med kunstig innsjø. Dersom dette skal vere aktuelt må det ligge føre ein fagrappor som underbyggjer dette. Tiltakshavar skal revidere plan for avslutting under nivået til grunnvatnet 4 år etter opning av fase 2. Da har ein meir erfaring og kunnskap om førekomsten/bergtekniske forhold, det er samtidig tidsnok til å korrigere drifta ved behov.

Etter at drifta vert avslutta skal Tiltakshavar reinska brotveggar og fjerne maskinar og utstyr. Det skal også vere permanent gjerde rundt heile uttaksområdet.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavar framlegg et beløp på NOK 500 000 som økonomisk sikkerheit for opprydding og sikring av uttaksområdet. Tiltakshavar viser til at området skal bli satt i stand fortløpande, og at brotet skal avsluttast ved å fyllast med vatn.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere



Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheit skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

I samband med dette vil DMF understreke at berekning av økonomisksikkerheit tek utgangspunkt i at tiltakshavaren har gått konkurs og ikkje kan utføre oppryddings- og sikringsarbeidet sjølv. Det betyr at DMF må ta høgde for at det er eksterne verksemder som skal gjere dei konkrete vurderingane og gjennomføre sjølve oppryddings- og sikringsarbeidet i tråd med etterbruksføremålet. I hovudsak gjeld sikrings- og oppryddingskostnadane fjerning av konstruksjonar, massehandtering og vedlikehald av sikringsgjerde.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 4 500 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfasen

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket bleigjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 1 125 000. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 1 125 000. Når



beløpet på bankkontoen har nådd NOK 1 125 000, ellertidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 4 500 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,11 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 225 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 750 000 m³/år, tilsvarande om lag 2 100 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,11 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lengre driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a



Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomen blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sende vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmere informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du også vårt digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonssjef

Thomas Furunes
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Thomas Furunes*

Vedlegg:

Godkjent driftsplan for Sløvåg i industriområde - med merknad.pdf
Sløvåg i industriområde - avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx
Sløvåg i industriområde - konsesjonsområde.pdf
Sløvåg i industriområde - pantsettelseserklæring.docx
Sløvåg i industriområde - påkravsgaranti.docx

Motta karar:

DC Halsvik Aggregates AS	Sløvågen 1	5960 DALSØYRA
--------------------------	------------	---------------

Kopi til:

Kristian Fivelsdal Eide	Gulafjordvegen 518	5960 DALSØYRA
Håkon Eide Fivelsdal	Gulafjordvegen 545	5960 DALSØYRA
Wergeland Holding AS	Gulafjordvegen 75	5960 DALSØYRA
Kåre Rotneim	Gulafjordvegen 496	5960 DALSØYRA
Sløvåg Næringsbygg AS	Sløvågen 2	5960 DALSØYRA
Jørgen Ringereide	Halsvikvegen 20	5960 DALSØYRA
Bente Gro Halsvik	Halsvikvegen 55	5960 DALSØYRA
Elisabeth Wergeland	Fensfjordvegen 1623	5960 DALSØYRA
Irene P. Kjelby Wergeland	Fensfjordvegen 1623	5960 DALSØYRA
Jon Ivar Steine	Gulafjordvegen 419	5960 DALSØYRA
Jørgen Steine	Gulafjordvegen 421	5960 DALSØYRA
Berit Steine	Gulafjordvegen 421	5960 DALSØYRA
Terje Wergeland	Fensfjordvegen 1594	5960 DALSØYRA